




**BUDSJETT 2018**

**ØKONOMIPLAN 2018-2021**

**MIDSUND KOMMUNE**

**Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021**  
**Vedtatt i k-styret 14.12.2017 sak 17/94**



## Innholdsliste

### Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Organisering	3
Generelle kommentarar	4
Løns- og prisleasetningar	6
Skatt, rammeoverføringar og andre statstilskot	6
Finans	9
Lønn og pensjon	11
Kommuneplan samfunn	12
Budsjettskjema 1A/1B – Drift	14
Budsjettskjema 2A/2B – Investering	17
Politikk, administrasjon og tilskot til Midsund Sokn	20
Oppvekst og kultur	21
Helse og omsorg	29
Teknisk	36
VAR (sjølvkost)	38

### Vedlegg

Detaljbudsjett Drift 2018

Budsjettvedtak

### Budsjett og økonomiplandokumentet:

Kommunane skal utarbeide ein realistisk og oversiktleg økonomiplan, jf. kommunelova § 44. For Midsund kommune er økonomiplanen kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Saman med andre planar, legg økonomiplan og budsjett føringar for kommunen sitt vidare arbeid med å utvikle kommunen i ei positiv retning. Årsbudsjettet er første året i økonomiplanen, og beskriv ressursfordelinga i detalj for det gjeldande året, mens årsregnskapet summerer opp korleis ressursbruken faktisk var. Langsiktige mål og utfordringar kan ikkje løysast på eit år, men må planleggast, gjennomførast, evaluerast og følgjast opp over tid. Samstundes må det planleggast for at tiltak som blir vedteke i årsbudsjettet ikkje underminerer den økonomiske balanse på lengre sikt. Difor er ei gjennom-arbeid og oppdatert økonomiplan vel så viktig som et godt årsbudsjett. Planlegging utover årsbudsjettet er ein føresetnad for god økonomistyring.»

Om du har kommentarar eller synspunkt til dokumentet, kan du sende dei til:

[postmottak@midsund.kommune.no](mailto:postmottak@midsund.kommune.no)

## Organisering

### Politisk organisering



*Ordfører Odd Helge Gangstad*

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ, dei er 17 medlemmar og ordførar er Odd Helge Gangstad. Formannskapet har 5 medlemmar. Formannskapet skal gjennomføre dei lovpålagte oppgåvene, dvs legge fram årsbudsjett og økonomiplan.

Vi har to hovudutval: **Helse- og omsorg** (leiar er Lars Joar Hagseth), og **Oppvekst- og kultur** (Leiar er Kolbjørn Ove Stølen).

Formannskapet er hovudutval for teknisk, i tillegg til å vere kommunen sitt planutval, tiltaksnemnd og klagenemnd.

Andre utval som er pålagt ved lov er kontrollutval, administrasjonsutval og naturbruksnemnd. Midsund kommune har og fleire rådgjevande utval som er lovpålagt (ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne. Alle gir eit positivt bidrag til lokaldemokratiet.

### Administrativ struktur



*Rådmann Ketil Ugelvik*

Kommunen er organisert med eit to leiar nivå – rådmannen og einingsleiarane:

- **Midsund skule** - Stian Løken
- **Raknes skule** - Jonas Storvik
- **Midsund barnehage** - Anita Bugge
- **Gjerdet barnehage** - Birgitta Hole
- **Midsund kulturskule** – Åshild Melkeraaen
- **Helse og omsorg** - Leif Arne Lagesen
- **Butenesta** – Martha Midtbø
- **NAV** - Ann Elin Høgset
- **Teknisk** - Inge Rakvåg

Einingsleiarane har fullt drifts- og fagansvar for sine einingar.

## Generelle kommentarar:

Regjeringa Solberg la fram statsbudsjettet for 2018 den 12.oktober. I skrivande stund pågår det framleis forhandlingar i Stortinget før budsjettet endeleg kan vedtakast i desember, men det er lite eller ingenting som tyder på at det er kommuneøkonomien som er det store diskusjonstemaet. Vi legg difor til grunn rammene som i ligg i Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett.

Økonomiplanen for dei komande fire åra vert utarbeida samstundes med neste års budsjett. Første året i planperioden er identisk med framlegget til årsbudsjett for 2018. Det tredje året vil bli ein del av det første budsjettet i nye Molde kommune.

Budsjettarbeidet starta med at det vart bestilt kostraanalyse av 2016 rekneskapen til Midsund kommune. Bjørn Brox frå analyseselskapet «Framsikt» presenterte si analyse for administrasjon og kommunestyre den 07.09.2017. Konklusjonen var at Midsund kommune har eit vesentleg lågare ressursbruk enn snittet i vår kommunegruppe (gruppe 4). Vidare fekk vi stadfesta at vi på enkelte tenestoområde har store utfordringar sett i høve til vår størrelse. Rapporten gav oss ikkje kvikkfiks løysingar eller andre konkrete forslag til grep som kan gjerast for å betre vår økonomi.

Formannskap og utvida formannskap har hatt arbeidsmøte saman med administrasjonen. Kommunestyret har fått informasjon i oktober og seinast i møte den 09.11.

Utgangspunktet for budsjettarbeidet har vore og er særskilt krevjande. Tapte inntekter på ressurskrevjande brukarar og auke utgifter til ma barnevern, gjer at vi i 2017 styrer mot eit stort meirforbruk. Inntektsbortfallet på ressurskrevjande brukarar tek vi oss med inn i 2018 og auke i utgiftene til mange interkommunale samarbeid, gjer at utgangspunktet er krevjande, særskilt krevjande. Utgiftene aukar vesentleg meir enn inntektene.

Alle einingane fekk tildelt rammer som er ein realnedgang i forhold til 2017 ( ikkje kompensasjon for lønns- og prisvekst).

I staden for å innarbeide nye tiltak, må vi fokusere på kva som kan gjerast på andre og mindre kostnadskrevjande måtar og kva tenester som kan reduserast/ikkje gjerast. For å minske nettoutgiftene vil ein foreslå løysingar som kan gi inntekter, men som og fordrar at dei nye oppgåvene vert gjort innanfor dei same stillingsheimlane. Resultatet vert endå fleire oppgåver på enkeltpersonar, enkeltpersonar som i utgangspunktet har nok oppgåver frå før.

Tenestoområde vert foreslått nedskalert og nedbygd. Vi vil sjå på om det er tenestoområde som kan setjast på-« hurtigtoget» og som kan løysast saman med Molde og Nesset. Dette gjeld; bibliotek, landbruk, integrering, oppvekst, plan og vaksenopplæring.

Nedbemanningsprosessar er starta og i rådmannen si skisse til budsjett for 2018 manglar ein framleis 1 million kroner. Mulege inndekningsmåtar er sal av sjukeheimplassar til Molde kommune, samt gjennomgang av reinhaldstenesta i kommunen og inndraging av vakante stillingar.

Disposisjonsfondet var på 5,3 millionar kroner i 2016, og vi måtte balansere 2017 budsjettet med å bruke av disposisjonsfondet i staden for å gjere avsetjingar som aukar/styrkar fondet. Finansutgiftene har tidlegare vore konservativt budsjettert, det har ført til rekneskapsmessige meirinntekter. I dette budsjettforslaget er denne «bufferen» borte, og ein kan ikkje vente innsparingar som følgje av gunstig rente. I staden for avsetjing av buffer i budsjettet må vi for 2018 gjere rekning med at resten av disposisjonsfondet går med til å dekke meirforbruket i 2017. Med ein relativt høg lånegjeld er vi sårbare for renteauke med påfølgjande auke i driftsutgiftene.

Midsund kommune har store utgifter innan enkelte tenestoområde, og i budsjettframlegget legg ein inn føresetnad om ekstraordinært skjønn med 1,7 million kroner i 2018.

Dei siste åra har Midsund kommune satsa på opprusting av kommunale bygg.

Avtalen med Molde kommune og Nesset gir oss høve til å gjere investeringar i administrasjonsbygg, hall og skule. Reformstøtta på 25 million kroner gir rom for investeringar til ulike infrastrukturtiltak som kommunestyret i Midsund sjølv bestemmer. Ser ein bort frå dette er det ikkje rom for investeringar av noko størrelse. Investeringar innan VA er basert på sjølvkost og kan gjennomførast - største skranken her er kapasitet til å gjennomføre nødvendig planlegging og utbygging.

Innføring av eigedomsskatt er ikkje aktuelt, jf intensjonsavtalen med Molde og Nesset.

Rådmannen har vanskar med å sjå strukturelle grep som kan føre til reduserte driftsutgifter av noko størrelse. Vi har gjort strukturelle grep både innan barnehage og skule, omsorgstenesta er i stor grad lokalisert i området rundt omsorgssenteret. Omlegging av administrativ struktur innan helse- og omsorg er gjennomført - dette vil gi ein viss gevinst.

Einingsleiarane og andre premissleverandørar har lojalt følgd opp krava om reduksjon av nettoramene. Enkelte gir uttrykk for at dei foreslåtte kutta grensar til det som er forsvarleg. Reduksjon i undervisningstimar gjer at lærartettheita minkar, reduksjon i talet på langtidsplassar på sjukeheimen kan føre til større og sterkare press på heimebaserte teneste. Det er ei grensa for kor mykje ein kan kutte i administrative funksjonar. Kommunane får stadig nye oppgåver og krav som skal stettast – rådmannen vil uttrykke bekymring for situasjonen vi står i.

Dette budsjettframlegget er heilt utan sikringsnett og viser med all muleg tydelegheit at Midsund kommune åleine ikkje er berekraftig og framtidsretta.

Åra 2018 og 2019 vil bli særst utfordrande – desse to åra vil og krevje mykje av oss i den pågåande samanslåingsprosessen, og i staden for å styrke organisasjonen må vi redusere ein organisasjon som er «nedpint» frå før.

Vi har oppfatta positive signal for å få inntekter frå havbruksnæringa, og det gjer at vi kan forvente inntekter i 2018. Dette er likevel så usikkert at vi vel å budsjettere med ei lita inntekt i 2018.

Arbeidet med å lage ein ny kommune saman med Molde og Nesset vil vere arbeidskrevjande, men det vil også vere spanande og utviklande. På fleire område får vi i dag verdifull hjelp og bistand frå samarbeidskommunane. Samarbeidet vil utløyse positive effektar der vi gjensidig kan lære og inspirere kvarandre.

Ketil Ugelvik

rådmann



## Nøkkeltal for Midsund kommune

Nøkkeltal	Kommunenivå			Endring frå 2015
	2014	2015	2016	
Tal på innbyggjarar 31.12	2 068	2 088	2 085	-3
Frie inntekter per innbyggjar	60 781	61 559	64 566	3 007
Netto lånegjeld per innbyggjar	63 355	67 479	70 309	2 830
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	73 %	77,7 %	76,0 %	-2 %
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	-0,4 %	0,9 %	0,4 %	-0,5 %
Korrigert netto driftsresultat i % av driftsinntekter	-1,5 %	1,2 %	1,3 %	0,1 %

### Løns- og prisføresetningar

Det er for 2018 lagt til grunn ein samla løns- og prisauke (deflator) på 2,6%. Prisauken er satt til 2,2 % og lønnsauken til 3,0% (årslønsvekst 2,3%).

Premie til KLP er rekna til 18,5 % for fellesordninga og 19% for sjukepleiarar. Premie til STP er rekna til ei avsetning på 12 %. Arbeidsgjevaravgift er rekna med 14,1% og med eit samla frådrag på kr 450 000,-.

Årets premieavvik og amortisering(fordeling) av tidlegare års premieavvik på pensjon ført på eige hovudansvar og er ikkje fordelt ut på einingane.

### Skatteinntekter


I planperioden har vi som budsjettgrunnlag nytta KS sin prognosemodell for skatt og rammeoverføringar og siste kjente folketal per 01.07.2017 som var 2.081 innbyggjarar.

Skatteinntektene og inntektsutjamninga for dei einskilde år i planperioden er berekna slik i KS sin modell:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Skatt på inntekt og formue	50 242 023	50 582 000	52 338 000	52 338 000	52 338 000	52 338 000
Inntektsutjamning	6 396 924	6 617 000	6 465 000	6 465 000	6 465 000	6 465 000
Skatt og inntektsutjamning	56 638 947	57 199 000	58 803 000	58 803 000	58 803 000	58 803 000

Skatt og inntektsutjamninga skal utgjere om lag 40 % av samla frie inntekter på 143,8 million kroner i 2018. Inntektsutjamninga er budsjettert saman med rammetilskot.

### Skatt og rammetilskot



## Rammetilskot

I økonomiplanen er framtidige rammetilskot berekna etter KS sin modell:

Eit overordna mål ved inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gje eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. Fordelinga av rammetilskot tek difor omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader og inntekter.

MIDSUND	InngangA1	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>MIDSUND</b>	<b>1545</b>										
<i>(år 2018-prisnivå i perioden 2018-2021)</i>											
									<b>PROGNOSE</b>		
<b>1000 kr</b>		<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Innbyggertilskudd (fikt beløp pr innb)		41 334	43 246	46 111	46 130	47 218	48 491	49 374	49 470	49 528	49 599
Utgiftsutjevning		18 577	19 153	19 618	19 765	20 681	21 475	23 669	23 693	23 708	23 726
Overgangsordning - INGAR		-137	-122	-124	-130	-119	1 599	-149	-	-	-
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbeid)		363	-	173	247	375	776	730	730	730	338
Korreksjon forsølsordning er bamevern og omsorgstjenester		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Nord-Norge-tilskudd/Namdalsstilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Storbytilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd		4 996	5 161	5 316	5 475	5 475	2 772	2 772	2 772	2 772	2 772
Distrikstilskudd Sør-Norge		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Regionentilskudd		-	-	-	-	-	173	344	344	344	344
Inndelingstilskudd/ trekk Nannestad/ Ulensaker		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av difarb.avg.		3 191	3 191	3 275	2 880	2 085	1 340	1 222	-	-	-
herav gradvis bortfall av difarb.avg		2 390	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet 2011		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Overgangsordning - kommuner som skal slås sammen		-	-	-	-	-	258	265	265	-	-
Endring er saldert budsjett 2014/2015/2016		-	-	-223	-92	393	-	-	-	-	-
Kompensasjon Samhandlingsreformen		740	764	787	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KMD inkl. ufrivillig alene kommuner og infrastruktur		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Budsjettavtale H, FrP, KrF, V - Stortinget		-	-	-	-	-	-177	-	-	-	-
RNB 2017 - endring er i rammetilskudd		-	-	-	-	-	122	-	-	-	-
RNB 2012-2016, samt Dok:135 S (2014-15)		42	21	61	395	-	-	-	-	-	-
<b>Sum rammetilskot uten inntektsuttj</b>		<b>69 106</b>	<b>71 414</b>	<b>74 994</b>	<b>74 689</b>	<b>76 108</b>	<b>76 828</b>	<b>78 227</b>	<b>77 274</b>	<b>77 082</b>	<b>76 779</b>
"Bykle trekket"		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Netto inntektsutjevning		2 853	4 038	4 685	4 540	6 397	6 952	6 465	6 465	6 465	6 465
<b>Sum rammetilskudd</b>		<b>71 958</b>	<b>75 452</b>	<b>79 679</b>	<b>79 229</b>	<b>82 505</b>	<b>83 780</b>	<b>84 692</b>	<b>83 739</b>	<b>83 547</b>	<b>83 244</b>
Rammetilskudd - endring i %			4,9	5,6	-0,6	4,1	1,5	1,1	-1,1	-0,2	-0,4
Skatt på formue og inntekt		42 229	43 526	43 816	47 190	50 242	50 964	52 338	52 338	52 338	52 338
Skatteinntekter - endring i %			3,1	0,7	7,7	6,5	1,44	2,70	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
<b>Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)</b>		<b>114 187</b>	<b>118 978</b>	<b>123 495</b>	<b>126 419</b>	<b>132 747</b>	<b>134 700</b>	<b>137 000</b>	<b>136 100</b>	<b>135 900</b>	<b>135 600</b>
							<i>(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)</i>				
Sum - endring i %			4,2	3,8	2,4	5,0	1,5	1,7	-0,7	-0,1	-0,2
<i>Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen</i>		<b>1 812</b>	<b>850</b>	<b>2 250</b>	<b>2 116</b>	<b>1 873</b>	-	-	-	-	-

KS modell nr1604, med tillegg av kr. 1.550.000,- per år i forventna i ekstra skjønnsmidlar og at kommunen får kompensert fullt ut for bortfall av deler av småkommunetillegget j.fr. forutsetningar i kommunereforma.

Det ordinære rammetilskotet for 2018 er basert på innbyggartal pr. 01.07.17 som var 2081.

Det vil ikkje bli endringar i rammetilskot 2018 som følgje av endringar i folketal i året, men inntektsutjamninga (skatt) vert basert på innbyggjartalet pr. 01.01.2018.

## Skjønnsmidlar

I 2017 fekk vi først tildelt kr. 1.340.000,- i skjønnsmidlar. No i oktober 2017 fekk vi i siste tildeling kr. 1.550.000,- som var i tråd med budsjett.

Vi budsjetterer med totalt kr. 4.680.000, i skjønnsmidlar i heile planperioden. Rådmannen legg med dette til grunn at kommunen vil få kompensert for dei høge kostnadene vi har i høve særlege ressurskrevjande brukarar og helseskys, og at kommunen får kompensert bortfallet av deler av småkommunetillegget som i 2017.

Frå og med 2011 fekk Midsund trekk i rammeoverføringane for elevar i privatskule. For 2018 er trekket kr 2.519.000,- .



## Utgiftsutjamning

Det er utarbeid kostnadsnøklar som saman med andre kriteriedata seier noko om kommunen sitt utgiftsnivå. Utifrå desse indeksane vert det gjort ei fordeling til kommunane etter deira varierende utgiftsnivå. Utgiftsutjamninga er ei rein fordeling – det som blir trekt frå nokre kommunar vert om fordelt til andre. Utgiftsnivået til Midsund kommune vert vurdert til å ligge 25,09% over det samla utgiftsbehovet.

Beregning av utgiftsbehov - tillegg/trekk i kroner for år **2018**  
(utgiftsutjevnevede tilskudd) prisnivå år 2018

	HELE LANDET		MIDSUND			Bruk av folketall 1.7.2017	
	Vekt	Antall	Antall	Utgifts- behovs- indeks	Pst. utslag	Tillegg/ fradrag i utgiftsutj	
						kr per innb	1000 kr
0-1 år	0,0054	118 267	34	0,7291	-0,15 %	-73	-153
2-5 år	0,1414	246 598	114	1,1725	2,44 %	1 223	2 546
6-15 år	0,2646	634 798	283	1,1307	3,46 %	1 734	3 609
16-22 år	0,0225	465 492	194	1,0570	0,13 %	64	134
23-66 år	0,1033	3 035 065	1 045	0,8732	-1,31 %	-657	-1 367
67-79 år	0,0551	555 836	265	1,2092	1,15 %	578	1 203
80-89 år	0,0758	177 201	115	1,6459	4,90 %	2 456	5 112
over 90 år	0,0382	44 561	31	1,7644	2,92 %	1 465	3 048
Basistillegg	0,0189	325	0,9412	7,3434	11,99 %	6 014	12 516
Sone	0,0101	20 473 409	11 021	1,3652	0,37 %	185	385
Nabo	0,0101	9 385 627	7 089	1,9156	0,92 %	464	965
Landbrukskriterium	0,0021	1	0,0008	2,0063	0,21 %	106	221
Innvandrer 6-15 år ekskl Skand	0,0071	49 464	31	1,5895	0,42 %	210	437
Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand							
Flyktninger uten integreringstils	0,0084	147 902	16	0,2744	-0,61 %	-306	-636
Dødlighet	0,0451	41 160	12	0,7394	-1,18 %	-590	-1 227
Barn 0-15 med enslige forsørger	0,0164	122 673	68	1,4059	0,67 %	334	695
Lavinntekt	0,0103	260 937	51	0,4957	-0,52 %	-261	-542
Uføre 18-49 år	0,0065	94 623	38	1,0185	0,01 %	6	13
Opphopningsindeks	0,0096	224	0	0,3985	-0,58 %	-290	-603
Urbanitetskriterium							
Aleneboende 30 - 66 år	0,0194	449 127	123	0,6946	-0,59 %	-297	-619
PU over 16 år	0,0483	19 487	11	1,4316	2,08 %	1 046	2 176
Ikke-gifte 67 år og over	0,0451	342 622	144	1,0659	0,30 %	149	310
Barn 1 år uten kontantstøtte	0,0173	40 654	6	0,3639	-1,10 %	-552	-1 149
Innbyggere med høyere utdann	0,0190	1 321 033	288	0,5529	-0,85 %	-426	-887
<b>1 Kostnadsindeks</b>	<b>1,0000</b>			<b>1,25085</b>	<b>25,09 %</b>	<b>12 584</b>	<b>26 188</b>
<b>(Tillegg/trekk kr pr innb.)</b>						Alle tall i 1000 kr	
2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr						<b>26 188</b>	
3 Nto.virkn. statl/priv. skoler						-2 519	
<b>4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)</b>						<b>23 669</b>	
Gjennomsnittlig beregnet utgiftsbehov i kr pr innbygger:						50 167	

## Andre generelle statstilskot

Budsjettgrunnlag ut i frå prognose frå Husbanken på kva kommunen får i rente- og avdragskompensasjon i planperioden. Grunnlag lånefinansiering av utbygging Midsund sjukeheim og bygging av omsorgsbustadar er på 7 million kroner og ombygging/utbygging av skule/symjebasseng på 4 million kroner og kr. 5.821.000,-. Integreringstilskot er lagt inn med kr. 2.004.000,-. Det er lagt inn forutsetning om overføringer frå Havbruksfondet med kr. 500.000,- i 2018.

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Andre statlege overføringer	-5 348 632	-6 146 000	-3 404 000	-3 404 000	-3 404 000	-3 404 000



## Finanskostnader

### Lånegjeld

Netto investeringsutgifter i planperioden blir foreslått finansiert med bruk av lån.

### Lån fast og flytande renter

Gjeldande finansreglement seier at vi skal ha ein fastrentedel på minst 25% og maks 70% ( rentebinding meir enn 1 år fram i tid). Fastrenteandelen vil pr. 01.01.2018 vere 25,0%.

Renter på lån til egne formål er rekna til ei gjennomsnittrente (fast og flytande renter)

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Budsjettrente:	1,60 %	1,60 %	1,60 %	1,60 %

**Prognose på utvikling i lånegjelda - lån til eigne formål og lån til vidare utlån – Startlån**  
(nye lån jf skisse til investeringsbudsjett økonomiplan)

### Investeringslån:

	Prognose 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
<b>Lån pr. 01.01</b>	<b>164 128 240</b>	<b>173 079 240</b>	<b>238 889 240</b>	<b>299 230 240</b>	<b>302 544 240</b>
Nye lån Prosjekt avtale "Nye Molde"	5 602 000	47 199 000	47 199 000		-
Nye lån prosjekt infrastrukturtiltak	2 607 000	13 861 000	8 532 000	-	-
Nye lån egne prosjekt	6 742 000	4 902 000	4 468 000	9 264 000	5 784 000
Nye lån VA	500 000	11 250 000	11 360 000	800 000	600 000
Finansiering med lån:	15 451 000	77 212 000	71 559 000	10 064 000	6 384 000
Betalte avdrag	6 500 000	6 500 000	6 750 000	6 750 000	6 750 000
Bruk av ubrukte lånemidler:	6 742 000	4 902 000	4 468 000		-
<b>Lån pr 31.12:</b>	<b>173 079 240</b>	<b>238 889 240</b>	<b>299 230 240</b>	<b>302 544 240</b>	<b>302 178 240</b>
Nye lån:	8 709 000	72 310 000	67 091 000	10 064 000	6 384 000

### Vidareutlån:

	Prognose 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
<b>Lån til startlån 01.01</b>	<b>14 918 157</b>	<b>17 418 157</b>	<b>19 918 157</b>	<b>22 418 157</b>	<b>24 918 157</b>
Nye låneopptak i året	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Betalte avdrag i året	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
<b>Lån til startlån 31.12</b>	<b>17 418 157</b>	<b>19 918 157</b>	<b>22 418 157</b>	<b>24 918 157</b>	<b>27 418 157</b>

## Kommunalbanken Rapport portefølje per 2. tertial 2017


### 2 Trender

Tabellen nedenfor viser utvalgte nøkkeltall for gjeldsporteføljen for Alle lån i Midsund kommune.

	31.08.2017	31.05.2017	28.02.2017
Utestående nettobalanse	160.358.588	161.849.558	162.319.171
Utestående bruttobalanse	160.358.588	161.849.558	162.319.171
Utestående nominelt i derivater			
Derivater i % av restgjeld			
Gjennomsnittlig rente siste 12 mnd	1,70%	1,72%	1,72%
Gjennomsnittlig rente eks. derivater siste 12 mnd	1,70%	1,72%	1,72%
Rentekostnader siste 12 mnd	2.777.652	2.847.268	2.866.937
Rentekostnader eks. derivater siste 12 mnd	2.777.652	2.847.268	2.866.937
Rentebinding (år)	0,50	0,56	0,66
Andel rentebinding < 1 år	72,63%	72,88%	72,85%
Rentebinding (år) eks. derivater	0,50	0,56	0,66
Andel rentebinding < 1 år eks. derivater	72,63%	72,88%	72,85%
Kapitalbinding (år)	18,80	18,88	19,07
Andel av kapitalbinding < 1 år	2,45%	2,42%	2,42%

På analysedagen var snittrenten (siste 12 mnd) 1,70% (30/360 basis) på utestående nettobalanse 160.358.588 kr. Rentekostnad (siste 12 mnd) frem til analysedato er 2.777.652 kr.

Det finnes 1 ulike låntakere. Den største av disse er Midsund kommune med en andel på 100% tilsvarende 160.358.588 kr.



### Avdrag på lån

Kommunelova § 50 nr 7 gir regler for lån og krav til avdrag på lån. Reglane for avdrag på lån er knytt til kommunen si totale lånegjeld. Det betyr ikkje noko for avdragskravet om porteføljen er satt saman av serielån, annuitetslån eller lån med fast rente. Avdragskravet er knytt til samla lånegjeld, og avdrag skal betalast jamt og planmessig med like store årlege avdrag. Rest løpetid for kommunen sin samla lånegjeld kan ikkje overstige rest levetid på anleggsmiddel.

Nye lån til finansiering av nybygg/nyanlegg kan ikkje nedbetalast over meir enn maks levetid på nybygg/nyanlegg.

Endelegge tal på minimumskravet til avdrag for 2018 får vi først når rekneskapen for 2017 er ferdig. Avdragskravet påverkast av samla investeringar i 2017 og effekt av endringar i avskrivningar i 2017 og 2018. Om det når rekneskapen for 2017 er klar, viser seg at det blir vesentlege endringar i avdragskravet for 2018, kjem rådmannen attende med eiga sak til kommunestyret.

## Finansforvaltning

Midsund kommune har kr 12.388.977,- i ubundne investeringsfond. Budsjettert bruk i 2017 gjer at saldo pr. 01.01.2018 vil vere kr. 11.826.977,-.

I økonomiplanperioden er det forutsatt bruk av totalt kr. 8.550.000,- av ubundne investeringsfond med kr. 4.250.000,- kvar i 2018 og 2019.

## Lønn og pensjon:

Art	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Regnskap 2016
1010 Fast løn	77 624 000	81 448 000	77 397 277
1011 Avtalefesta tillegg	6 007 000	5 992 000	6 768 044
1020 Vikarar	5 093 000	5 148 000	7 830 470
1030 Ekstrahjelp	718 000	698 500	1 104 806
1040 Overtid	653 000	654 000	674 315
1050 Anna løn , trekkpl.godtgj.	3 506 000	3 497 000	3 255 927
1070 Lønn vedlikehold nybygg nyanlegg	2 337 000	2 238 000	2 155 729
1071 Overtid vedlikehold	11 000	-	169 903
1075 Lønn reinhald	3 449 000	3 366 000	3 574 445
1080 Godtgjering folkevalde	935 000	1 032 000	1 221 324
1089 Trekkpl./oppg.pl. ikkje arb.g.avg. pl. lønn	850 000	2 335 000	290 977
1090 KLP	11 340 000	11 605 000	11 016 604
1091 STP	1 985 000	2 049 000	1 634 333
1092 Personforsikringar	198 000	206 200	133 142
1093 OU-midler	145 000	152 000	174 158
1099 Arbeidsgjevaravgift	15 376 000	15 920 600	15 334 497
Refusjon sjukeløn			-5 479 844
<b>TOTALT</b>	<b>130 227 000</b>	<b>136 341 300</b>	<b>132 735 950</b>

## Kommuneplan samfunn



### Visjonar og Mål

I kommuneplanen sin samfunnsdel finn vi vår visjon

## Midsund – på veg mot toppen

### Slik forstår vi visjonen

Midsund kommune sin visjon ønsker å målberede dei grunnleggande verdiane som vi ønsker skal prege kommunen, både som lokalsamfunn og som organisasjon. Visjonen skal gi både innbyggjarar og tilsette noko å strekke seg etter og den skal vere med på å prege kommunen sitt utviklingsarbeid.

Visjonen skal både vise **kva vi er** og **kva vi ønsker å strekke oss mot å bli**.

Det sentrale i visjonen er retninga mot noko betre, synleggjering av energien i lokalsamfunnet og ønske om utvikling.

### Ut frå visjonen er det formulert følgjande 4 hovudmål.

1. Midsund kommune skal ha høg trivsel og høgt nivå på helse og levekår
2. Midsund kommune skal ha eit variert, attraktivt og velfungerande næringsliv
3. Midsund kommune skal ha ei berekraftig forvaltning av ressursane
4. Midsund kommune yter framtidretta tenester med ansvarlege og motiverte medarbeidarar

### Det er for kvart hovudmål strategiar for å nå måla som;

#### Hovudmål 1

- Stimulere til frivillig innsats
- Utvikle tenester som tek i vare samfunnet sine behov for tryggleik og beredskap, og førebygge skade på einskildmenneske og viktige samfunnsfunksjonar
- Gje lovbestemt hjelp til omsorgstrengande når det trengs etter fagleg standard
- Gje full barnehagedekning, og eit barnehagetilbod med opplevd kvalitet i tråd med brukarane sine ønske og med lovverket
- Leggje aktivt til rette for norsk-, lokalsamfunns- og demokratiopplæring for innvandrarar
- Ha eit opplevd kvalitetstilbod innan opplæring, der elevane får tilpassa opplæring, kulturelle opplevingar og auka sosial kompetanse som gjer dei til ansvarsfulle og sjølvstendige individ

#### Hovudmål 2

- Tilrettelegging av attraktive tomter for utbygging til bustad-, nærings- og fritidsbustadsformål
- Gje rask og forsvarleg saksbehandling i plan-, bygge-, utvikling-, og næringsssaker
- Leggje aktivt til rette for infrastruktur til næringslivet i form av tomter til næringsformål, IT-infrastruktur, vegar og samferdsel (til dømes Møreaksen)

### Hovudmål 3

- Leggje til rette for energisparande teknologi til oppvarming av bustader, offentleg eigedom og gatelys.
- Leggje til rette for tomteområde for heilårs- og fritidsbustader som ikkje rører ved sårbare område og regulerer bruken av strandsona
- Leggje til rette for samfunnsøkonomisk og folkehelseøkonomisk effektiv teknologi, utvikling og logistikk av vatn, avløp, renovasjon, energi og transport
- Ha ein forsvarleg og berekraftig drikkevasspolitikk
- Ha ei forsvarleg viltforvaltning

### Hovudmål 4

- Ha god kompetanse innan relevant lovverk
- Vere ein aktiv og bevisst samfunnsutviklar
- Forvalte lokalsamfunnet sine ressursar i tråd med politisk styring
- Ha ei offentleg teneste som er til å stole på
- Ha ein organisasjonskultur som legg vekt på sørvis, kvalitet og brukarbehov
- Ha god internkontroll.
- Leggje vekt på tverrfagleg samarbeid og utvikling

### Hovudsatsingsområde

I kommuneplanprosessen har innbyggjarane gitt tilbakemelding på at innhaldet i hovudsatsingsområda er viktige faktorar for at dei trivst og vil satse i Midsund. Desse tema skal tilleggast særskild vekt på alle plan- og utviklingsoppgåver i planperioden.

- **Folkehelse**
- **Samferdsel**

Rådmannen og einingsleiarane skal ha fokus på kommunen sin visjon, sine hovudmål og hovudsatsingsområde i planlegging og prioriteringar av drifta. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedtatt i september 2011 og skal rullerast i 2013.

### For nærare omtale og fleire strategiar sjå kommuneplan samfunn

### I kvar eining skal vi og ha følgjande hovudmål for drifta vår

Brukarar	Gode tenestetilbod
Medarbeidarar	Godt arbeidsmiljø
Økonomi	God økonomistyring
Organisasjon:	Funksjonelle stab og støttefunksjonar, samarbeid og fleksibilitet
Samfunn og næringsliv	Aktivt samarbeid, regionalt og lokalt

Målemetodar kan vere brukarundersøkingar, resultat av tilsyn, kontroller og nasjonale prøver, medarbeidersamtalar, sjukefråvær/arbeidsnærvær 95%, budsjettkontroll og økonomirapportering m fleire





## Budsjettskjema 1A – Drift

Budsjettskjema 1A - drift	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Skatt på inntekt og formue	50 242 023	50 582 000	52 338 000	52 338 000	52 338 000	52 338 000
Ordinært rammetilskudd	84 377 924	85 969 000	88 120 000	88 120 000	88 120 000	88 120 000
Skatt på eiendom	-	-	-	-	-	-
Andre direkte eller indirekte skatter	-	-	-	-	-	-
Andre generelle statstilskudd	5 448 632	6 146 000	3 404 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>140 068 579</b>	<b>142 697 000</b>	<b>143 862 000</b>	<b>141 858 000</b>	<b>141 858 000</b>	<b>141 858 000</b>
Renteinntekter og utbytte	943 344	840 000	665 000	665 000	665 000	665 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	-
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	3 123 947	3 250 000	2 765 000	2 765 000	2 765 000	2 765 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	6 245 518	5 500 000	6 500 000	6 750 000	6 750 000	6 750 000
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-8 426 121</b>	<b>-7 910 000</b>	<b>-8 600 000</b>	<b>-8 850 000</b>	<b>-8 850 000</b>	<b>-8 850 000</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-	-	-
Til ubundne avsetninger	-	-	-	-	-	-
Til bundne avsetninger	2 928 050	808 000	360 000	360 000	360 000	360 000
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	-	-	-	-	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	-	2 733 000	-	-	-	-
Bruk av bundne avsetninger	1 547 071	428 000	1 514 000	1 514 000	1 514 000	1 514 000
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-1 380 978</b>	<b>2 353 000</b>	<b>1 154 000</b>	<b>1 154 000</b>	<b>1 154 000</b>	<b>1 154 000</b>
Overført til investeringsbudsjettet	-	-	-	-	-	-
Til fordeling drift	130 261 479	137 140 000	136 416 000	134 162 000	134 162 000	134 162 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	130 946 218	137 140 000	136 416 000	134 162 000	134 162 000	134 162 000
<b>Mer/mindreforbruk</b>	<b>-684 739</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

## Budsjettskjema 1B – Drift

Budsjettskjema 1B - drift	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Politikk og revisjon	2 195 551	1 969 000	1 939 000	1 939 000	1 939 000	1 939 000
Administrasjon og fellesutgifter	13 001 205	12 739 000	11 578 000	11 578 000	11 578 000	11 578 000
Tilskot til Midsund sokn og til andre trdomssamfunn	1 740 209	1 760 000	1 660 000	1 660 000	1 660 000	1 660 000
Oppvekst og kultur	4 101 130	6 387 000	2 837 000	833 000	833 000	833 000
Vaksenoppl�ring, PPT og spesialsular	1 910 203	1 519 000	1 197 000	1 197 000	1 197 000	1 197 000
Midsund skule	17 411 407	18 141 000	18 297 000	18 297 000	18 297 000	18 297 000
Raknes skule og SFO	7 707 873	9 233 000	8 903 000	8 903 000	8 903 000	8 903 000
Privat grunnskule	924 361	935 000	800 000	800 000	800 000	800 000
Midsund kulturskule	1 692 073	1 802 000	1 788 000	1 788 000	1 788 000	1 788 000
Midsund barnehage	6 139 771	6 171 000	5 894 000	5 894 000	5 894 000	5 894 000
Gjerdet barnehage	9 159 190	10 654 000	10 374 000	10 124 000	10 124 000	10 124 000
Andre barnehagar	275 543	380 000	345 000	345 000	345 000	345 000
Helse- og omsorg adm og fellesutgifter	1 246 290	914 000	1 062 000	1 062 000	1 062 000	1 062 000
Helsetenester	8 623 290	8 425 000	8 403 000	8 403 000	8 403 000	8 403 000
Midsund sjukeheim	20 861 757	21 322 000	19 919 000	19 919 000	19 919 000	19 919 000
Heimetenesta	10 194 724	10 493 000	10 467 000	10 467 000	10 467 000	10 467 000
Butenesta	12 324 074	12 369 000	16 000 000	16 000 000	16 000 000	16 000 000
NAV, sosialtenesta	1 699 447	1 954 000	1 955 000	1 955 000	1 955 000	1 955 000
Barnevern	3 899 763	3 200 000	4 900 000	4 900 000	4 900 000	4 900 000
Teknisk adm og fellesutgifter	1 099 348	1 479 000	1 002 000	1 002 000	1 002 000	1 002 000
Eigedomsforvaltning	11 452 991	11 288 000	11 910 000	11 910 000	11 910 000	11 910 000
Kommunale utleigebustader	-842 455	-1 210 000	-1 177 000	-1 177 000	-1 177 000	-1 177 000
Oppm�ling, byggesak og planarbeid	64 453	260 000	-	-	-	-
Brann- og oljevern	2 708 917	2 621 000	2 708 000	2 708 000	2 708 000	2 708 000
Kommunale vegar, samferdsel	2 825 402	1 997 000	2 359 000	2 359 000	2 359 000	2 359 000
Landbruk og viltforvaltning	318 331	346 000	187 000	187 000	187 000	187 000
VAR	-15 959	-	-	-	-	-
<b>Sum 1 B-fordelt</b>	<b>142 718 889</b>	<b>147 148 000</b>	<b>145 307 000</b>	<b>143 053 000</b>	<b>143 053 000</b>	<b>143 053 000</b>
<b>Sum 1 B ufordelt:</b>						
Motpost avskrivning	- 6 133 309	- 5 428 000	- 5 559 000	- 5 559 000	- 5 559 000	- 5 559 000
Kalk Innt/kostnader VAR	- 160 904	-	- 434 000	- 434 000	- 434 000	- 434 000
�rsoppgj�r Pensjon	- 4 242 893	- 4 200 000	- 4 052 000	- 4 052 000	- 4 052 000	- 4 052 000
Finansomr�det inkl. utl�n	46 584	-				
Ikke fordelte inntekter/utgifter						
Korr bundne fond 1A og B	- 1 282 149	- 380 000	1 154 000	1 154 000	1 154 000	1 154 000
<b>Sum 1 B ufordelt:</b>	<b>- 11 772 671</b>	<b>- 10 008 000</b>	<b>- 8 891 000</b>	<b>- 8 891 000</b>	<b>- 8 891 000</b>	<b>- 8 891 000</b>



## Hovudoversikt Drift

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
<b>Driftsinntekter</b>						
Brukerbetalinger	7 628 697	7 565 000	7 531 000	7 531 000	7 531 000	7 531 000
Andre salgs- og leieinntekter	14 477 674	13 030 000	13 756 000	13 756 000	13 756 000	13 756 000
Overføringer med krav til motytelse	30 448 089	20 953 000	18 088 000	18 088 000	18 088 000	18 088 000
Rammetilskudd	84 377 924	85 969 000	88 120 000	88 120 000	88 120 000	88 120 000
Andre statlige overføringer	5 448 632	6 146 000	3 404 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
Andre overføringer	379 601	-	-	-	-	-
Skatt på inntekt og formue	50 242 023	50 582 000	52 338 000	52 338 000	52 338 000	52 338 000
Eiendomsskatt	-	-	-	-	-	-
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-	-	-	-
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>193 002 639</b>	<b>184 245 000</b>	<b>183 237 000</b>	<b>181 233 000</b>	<b>181 233 000</b>	<b>181 233 000</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	108 050 624	108 877 500	104 243 000	102 673 000	102 672 000	102 672 000
Sosiale utgifter	28 292 734	29 932 800	29 044 000	28 360 000	28 360 000	28 360 000
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	24 881 344	20 367 700	21 072 000	21 072 000	21 468 000	21 468 000
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	24 702 131	23 484 000	26 061 000	26 061 000	26 061 000	26 061 000
Overføringer	6 401 712	3 694 000	3 620 000	3 620 000	3 620 000	3 620 000
Avskrivninger	6 133 309	5 427 000	5 993 000	5 993 000	5 993 000	5 993 000
Fordelte utgifter	-8 408 285	-7 667 000	-8 249 000	-8 249 000	-8 644 000	-8 644 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>190 053 569</b>	<b>184 116 000</b>	<b>181 784 000</b>	<b>179 530 000</b>	<b>179 530 000</b>	<b>179 530 000</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>2 949 071</b>	<b>129 000</b>	<b>1 453 000</b>	<b>1 703 000</b>	<b>1 703 000</b>	<b>1 703 000</b>
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter og utbytte	943 344	840 000	665 000	665 000	665 000	665 000
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	43 988	-	-	-	-	-
Sum eksterne finansinntekter	987 332	840 000	665 000	665 000	665 000	665 000
<b>Finansutgifter</b>						
Renteutgifter og låneomkostninger	3 123 947	3 250 000	2 765 000	2 765 000	2 765 000	2 765 000
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	6 245 518	5 500 000	6 500 000	6 750 000	6 750 000	6 750 000
Utlån	4 007	-	-	-	-	-
Sum eksterne finansutgifter	9 373 472	8 750 000	9 265 000	9 515 000	9 515 000	9 515 000
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-8 386 140	-7 910 000	-8 600 000	-8 850 000	-8 850 000	-8 850 000
Motpost avskrivninger	6 133 309	5 428 000	5 993 000	5 993 000	5 993 000	5 993 000
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>696 239</b>	<b>-2 353 000</b>	<b>-1 154 000</b>	<b>-1 154 000</b>	<b>-1 154 000</b>	<b>-1 154 000</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	-	-	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	2 733 000	-	-	-	-
Bruk av bundne fond	1 547 071	428 000	1 514 000	1 514 000	1 514 000	1 514 000
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>1 547 071</b>	<b>3 161 000</b>	<b>1 514 000</b>	<b>1 514 000</b>	<b>1 514 000</b>	<b>1 514 000</b>
Overført til investeringsregnskapet	-	-	-	-	-	-
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	-	-	-	-	-	-
Avsatt til bundne fond	2 928 050	808 000	360 000	360 000	360 000	360 000
Sum avsetninger	2 928 050	808 000	360 000	360 000	360 000	360 000
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>-684 739</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

## Budsjettskjema 2A/2B – Investeringar

### Kommentarar til investeringsbudsjett

#### Investeringar iht til intensjonsavtalen med Molde kommune (100 million ramme):

1. Antonbua kontorbygg og næringspark med eit arealbehov på om lag 350 m<sup>2</sup> og ei bruttoramme på 33,9 million kroner. Forventa lånebehov på kr. 14,6 million kroner og prosjektet er planlagt ferdig i 2019. Det er budsjettert med tilskot frå andre med kr. 5,0 million kroner, samt bruk av ubunde investeringsfond med kr 7,5 million kroner for dette prosjektet.
2. Midsund skule med ei bruttoramme på ca 96,5 million kroner og forventa lånebehov på ca. 77,2 million kroner. Nybygget er planlagt ferdig i 2019.
3. Fotballhall utan garderobeanlegg med ei bruttoramme på 19,2 million kroner og eit forventa lånebehov på 8,1 million. Det er forutsett tilsegn om tippemidlar med kr 4,0 million kroner og eit anleggsbidrag på kr 3,4 million kroner frå Midsund idrettslag/næringsliv/andre. Prosjektet er planlagt oppstart i 2018 og ferdig i 2019.

*Midsund kommune tek opp lån for desse prosjekta og Molde kommune refunderer eventuelle renter/avdrag fram til 01.01.2020 då desse låna vil vere ein del av nye Molde kommune.*

#### Investeringar iht avtale om bruk av reformstøtte (25 million ramme):

I avtalen med Midsund/Molde/Neset får Midsund kommune disponere heile reformstøtta på kr. 25.000.000,-. Beløpet vil bli utbetalt nye Molde kommune primo 2020. Fokuset for investeringar i 2017 har vore idrett og friluftsliv, mens det i 2018 og 2019 vert lagt opp til at det meste av tilgjengeleg låneramme vert brukt til utbygging av gangveggar. Det er planlagt ein samanhengande gangveg frå Akslakleiva til Krafsebukta, samt ein gangveg frå Bukthaugvegen til Bøenvegen. Gangveg langs sjøen i Midsund sentrum vert bygd i samarbeid med Midsund Marina, og Tusenårsstaden vert rusta opp. I tillegg er det lagt inn midlar for etablering av nytt kommunalt bustadfelt.

*Midsund kommune tek opp lån for desse prosjekta og Molde kommune refunderer eventuelle renter/avdrag fram til 01.01.2020 då desse låna vil vere ein del av nye Molde kommune.*

#### Startlån 3 million kroner:

I investeringsbudsjettet ligg det inne ei utlånsramme på 3 million kroner til startlån med tilsvarande låneopptak. Blir det behov for ytterlegare lånerammer til utlån legg rådmannen fram ny sak til kommunestyret.

#### Eigenkapitalinnskot KLP:

Det ligg inne med kr 500.000,- per år. Denne kan vi ikkje finansiere med lånemiddel. Mottekne avdrag på startlån budsjetterast med kr 500 000,- og tilsvarande tilbakebetaling til Husbanken.

## Budsjettskjema 2 A – Investering og finansiering

Budsjettskjema 2A - investering	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2020
<b>Investeringer i anleggsmidler (frå 2B):</b>	<b>21 752 000</b>	<b>107 546 000</b>	<b>98 708 000</b>	<b>12 380 000</b>	<b>7 830 000</b>
Utlån og forskutteringer	3 000 000	3 000 000	3 000 000	-	-
Kjøp av aksjer og andeler	562 000	500 000	500 000	-	-
Avdrag på lån	500 000	500 000	500 000	-	-
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-	-	-
Avsetninger	-	-	-	-	-
<b>Årets finansierungsbehov</b>	<b>25 814 000</b>	<b>111 546 000</b>	<b>102 708 000</b>	<b>12 380 000</b>	<b>7 830 000</b>
<b>Finansiert slik:</b>					
Bruk av lånemidler:				-	-
Prosjektgruppe 1 (100 mill ramme):	5 602 000	47 199 000	47 199 000	-	-
Prosjektgruppe 2 (25 mill ramme):	2 607 000	13 861 400	8 532 000	-	-
Prosjektgruppe 3 (egne investeringer):	6 742 000	4 902 000	4 468 000	9 264 000	5 784 000
Prosjektgruppe 4 (VA):	500 000	11 250 000	11 360 000	800 000	600 000
Utlån og forskutteringer:	3 000 000	3 000 000	3 000 000	-	-
<b>Sum bruk av lån:</b>	<b>18 451 000</b>	<b>80 212 400</b>	<b>74 559 000</b>	<b>10 064 000</b>	<b>6 384 000</b>
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-	-	-	-	-
Tilskudd til investeringer	2 163 000	7 615 000	6 200 000	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	4 138 000	18 968 600	17 199 000	2 316 000	1 446 000
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	500 000	500 000	500 000	-	-
Andre inntekter	-	-	-	-	-
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>25 252 000</b>	<b>107 296 000</b>	<b>98 458 000</b>	<b>12 380 000</b>	<b>7 830 000</b>
Overført fra driftsbudsjettet					
Bruk av tidligere års udisponert					
Bruk av avsetninger	562 000	4 250 000	4 250 000	-	-
<b>Sum finansiering</b>	<b>25 814 000</b>	<b>111 546 000</b>	<b>102 708 000</b>	<b>12 380 000</b>	<b>7 830 000</b>
Udekket/udisponert	-	-	-	-	-
<b>Ubunde investeringsfond/"Istafond" 31.12:</b>	<b>11 826 977</b>	<b>7 576 977</b>	<b>3 326 977</b>		

Følgende prosjekt er det ikkje funne plass til i Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021:

- Veg Skarsvegen/Holsvatnet
- Trafikksikring/fartsdumper
- Fiskerihavn Ugelvika
- Fiberutbygging
- Gangveg Midsundbrua



## Budsjettskjema 2B - Investering per prosjekt

Budsjettskjema 2B - pr. prosjekt	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Antonbua kontorbygg og næringspark	6 000 000	13 950 000	13 950 000	-	-
Flerbrukshall	562 000	9 340 500	9 340 500	-	-
Midsund skule - nybygg	300 000	48 142 500	48 142 500	-	-
<b>Investeringer avtale:</b>	<b>6 862 000</b>	<b>71 433 000</b>	<b>71 433 000</b>	-	-
Gangveg Fjøsbakken-Krafsebukta	300 000	6 854 000	-	-	-
Rørsethornet "Sherpatrappet"	4 000 000	-	-	-	-
Gangveg Midsund Marina	-	2 200 000	-	-	-
Nord-Heggdal tursti	550 000	-	-	-	-
Sandane Parkering	-	727 000	-	-	-
Tusenårsstaden	-	750 000	-	-	-
Tomtekjøp Stormyra (rest Jensettomta)	-	450 000	-	-	-
Gangveg-Planlegging	-	502 000	-	-	-
Gangveg Bukthaugvegen-Bøenvegen	-	2 000 000	-	-	-
Gangveg Akslakteiva-Fjøsbakken	-	4 000 000	8 665 000	-	-
Kommunalt byggefelt	-	1 500 000	2 000 000	-	-
<b>Investeringar reformstøtte/infrastrukturiltak:</b>	<b>4 850 000</b>	<b>18 983 000</b>	<b>10 665 000</b>	-	-
IKT - maskiner og programvare	772 000	990 000	990 000	-	-
Telefoni	145 000	-	-	-	-
Storsalen Midsund skule	403 000	-	-	-	-
Felles vedlikehald - anleggsmaskiner mv	795 000	-	-	-	-
Felles vedlikehald - bilar	-	-	350 000	-	-
Midsund barnehage - inngjerding	375 000	-	-	-	-
Aktivitetssenteret - Vågatun	-	400 000	-	-	-
Uteområdet Midsund skule	-	-	1 850 000	3 150 000	-
Gjerdet barnehage - vognlager	-	-	-	1 100 000	-
Oppgradering Midsund barnehage	870 000	-	-	-	-
Digitale kart	33 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Brannvesenet - Utstyr	-	100 000	-	100 000	100 000
Veglys	50 000	250 000	240 000	1 500 000	1 500 000
Komm veg - opprusting rundt senteret	2 200 000	-	-	-	-
Komm veg - Magerøymoloen	-	-	-	100 000	-
Komm veg - Standardhev (Asfaltering)	590 000	520 000	520 000	530 000	530 000
Gangveg Bøen	2 057 000	-	-	-	-
Gangveg Industrivegen	250 000	-	-	-	-
Utbetringstiltak eiga ramme	1 000 000	300 000	-	-	-
IKT Skule	-	824 000	-	-	-
Trygghetsalarm	-	120 000	-	-	-
Oppgradering Midsund sjukeheim	-	200 000	-	-	-
Heis Sjukeheim	-	-	500 000	-	-
Avdeling Paliasjon Midsund sjukeheim	-	1 076 000	-	-	-
Parkering Klausethjellen/Idavoll	-	-	700 000	-	-
Veg Stormyra	-	1 000 000	-	-	-
Kommunalt byggefelt	-	-	-	5 000 000	5 000 000
<b>Investeringer egne prosjekt</b>	<b>9 540 000</b>	<b>5 880 000</b>	<b>5 250 000</b>	<b>11 580 000</b>	<b>7 230 000</b>
Komm vatn - Midsund Vassverk	50 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Rensehus Midsund vassverk	150 000	6 250 000	4 000 000	-	-
Planverk vatn	-	-	220 000	-	-
Samanbinding Midsund-Rakvåg	100 000	3 500 000	700 000	-	-
Høgdebasseng Midøy	100 000	-	3 890 000	-	-
Høgdebasseng Rakvåg	-	1 000 000	2 050 000	-	-
Kom.avløp - Drynjasund	-	-	-	500 000	300 000
Komm avløp - Midsund avløp	-	200 000	200 000	-	-
Komm avløp - pumpetasjon MM	100 000	-	-	-	-
<b>Investeringer VA</b>	<b>500 000</b>	<b>11 250 000</b>	<b>11 360 000</b>	<b>800 000</b>	<b>600 000</b>
<b>Sum Investering:</b>	<b>21 752 000</b>	<b>107 546 000</b>	<b>98 708 000</b>	<b>12 380 000</b>	<b>7 830 000</b>

## Politikk og administrasjon

Under administrasjon ligg politisk verksemd, rådmann/ planleggjar, HTV/verneombod, personal, økonomi, sørviskontor/politisk sekretariat, revisjon og utgifter til soknet/andre trudomssamfunn.

### Spesielle mål og oppgåver

- Organisasjonskultur som legg vekt på sørvis, kvalitet og brukarbehov
- Yte god sørvis – eksternt og internt
- God og rask saksbehandling
- Utvikle planar som vert gode styringsverktøy som sikrar god ressursutnytting
- Oppdaterte og funksjonelle beredskapsplanar.

### Årsverk

	2015	2016	2017	2018
Årsverk	9,7	9,25	9,5	8,6

### Kommentar:

Stilling IKT/innkjøp 60 %. Nye oppgåver/funksjonar blir tillagt stillinga ( Visma/innkjøp). Denne stillinga sørver alle einingane. Ei av stillingane på sørviskontoret er 50 % av stillinga knytt til frivillig sentral. Til denne stillinga ligg arbeid med friluft/spelemlidar og anna kulturarbeid. God helse funksjonen vil og bli tillagt denne stillinga i 2018. Delar av denne stillinga er finansiert av integreringstilskotet, samt gjennom rammeoverføringane.

Planleggarstillinga tatt ut i heile 2018 - arbeider for alternativ løysing for den tilsette. Ei slik løysing vil føre til at mange oppstarta planarbeid vert sett på vent – arbeidet med arealdelen stoppar heilt opp. Vakanse i denne stillinga vil og få følgjer for arbeidet på teknisk.

Foreslått nedlegging av politiske utval for å spare er innarbeida i skissa. Frysing av godtgjersla til ordførar.

### Økonomiske rammer Administrasjon og politisk styring:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Politikk og revisjon	2 195 551	1 969 000	1 939 000	1 939 000	1 939 000	1 939 000
Administrasjon og fellesutgifter	13 001 205	12 739 000	11 578 000	11 578 000	11 578 000	11 578 000
Tilskot til Midsund sokn og andre trusamfunn	1 740 209	1 760 000	1 660 000	1 660 000	1 660 000	1 660 000
	16 936 965	16 468 000	15 177 000	15 177 000	15 177 000	15 177 000

Endringar i driftsramme for 2018, og i planperioden politikk og administrasjon

Ein føreset innsparing/inntekter på 1 million kroner i 2018. Dette kan vere inntekter av sal av sjukeheimsplassar til Molde kommune, gevinst av gjennomgang av reinhaldsrutinene på alle kommunale bygg, samt inndraging av vakante stillingar.

- Utgifter til kommuneval i 2019 dekt av nye Molde kommune.
- Inntekt med kr 125.000 til god helse arbeid. Ansvaret for god helse tillagt ei av stillingane på sørviskontoret – oppgåvene må delast på fleire tenesteområde.
- Utgifter til planleggjarstillinga ute for heile 2018.
- 60 % stilling ikt/innkjøp. Denne ressursen blir nytta ute i einingane også.
- Rammene til reising og kurs er på eit minimum
- Ramma til soknet er redusert med 100.000 kroner

### Planlagde investeringar

Planlegging og bygging av nytt administrasjonsbygg. I tillegg skal det investerast via ROR IKT – Midsund sin andel er på kr 990 000,- jf Styret sitt forslag til budsjett.

## Midsund sokn og andre trdomssamfunn:

Netto ramme til Midsund sokn er satt til kr. 1.630.000,-.

- tenesteyting på kr 520 000,-
- tilskot til drift kr 1 110 000,-

Tilskot til andre trdomssamfunn budsjettamme kr 30 000,- skal utbetalast ut i frå oversikt vi får på tal på medlemmar i dei ulike tru- og livssynssamfunna i vår kommune. Satsen reknast ut i forhold til kommunen sitt tilskot til soknet.

## Oppvekst og kultur

Under oppvekst ligg skular, barnehagar, kulturskule, PPT, logoped, vaksenopplæring, bibliotek, skulefritidsordning, kulturformål, ungdomstiltak, friluftsliv og administrasjon

### Felles mål og oppgåver

Midsund kommune arbeider for å gi eit godt tilbod innan opplæring, oppvekst og kultur. Og ynskjer å legge til rette for at barn og unge skal ha eit positivt sjølvbilete, lokal identitet og vilje til å ta ansvar

### Økonomisk ramme oppvekst:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Oppvekst og kultur	1 759 996	1 541 000	833 000	833 000	833 000	833 000
Integrering	2 341 134	4 846 000	2 004 000	2 004 000	2 004 000	2 004 000
Vaksenopplæring, PPT og spesialsular	1 910 203	1 519 000	1 197 000	1 197 000	1 197 000	1 197 000
Privat grunnskule	924 361	935 000	800 000	800 000	800 000	800 000
Andre barnehagar	275 543	380 000	345 000	345 000	345 000	345 000
	7 211 237	9 221 000	5 179 000	5 179 000	5 179 000	5 179 000

### Endringar i driftsramme for 2018 og i planperioden

- Bibliotek: Nytt bibliotekbygg som og husar vaksenopplæringa teke i bruk i slutten av august 2015. Det blir vurdert om tenesta kan samankjørast med Molde kommune ila 2018.
- Vaksenopplæring: Tilskot frå staten varierer frå år til år med endring i tal på elevar med rett og plikt til norskopplæring. Reduksjon i tal på flyktningar og arbeidsinnvandrarar, samt reduksjon/endring i stab/støttefunksjonen gjer at ein legg opp til nedbygging av denne tenesta ila 2018. Det vert søkt andre løysingar for rådgivarstillinga i 2018. Eitt muleg alternativ er at denne stillinga kan forskotterast inn i nye Molde kommune. Andre løysingar vert vurdert og.
- Tøndergård skule: Ikkje bruk av fast plass -abonnementsavgifta vel 200. 000 kroner i 2018.
- Privat grunnskule: Kostnadene varierer med endring i talet på elevar med vedtak om spesialpedagogiske tiltak.
- Andre barnehagar: Kostnaden avheng av kor mange som har plass i privat barnehage i andre kommunar.

## Integreringstenesta

Det er budsjettert med 1,25 årsverk på dette tenesteområdet. Ein legg til grunn at vi i 2018 ikkje skal busetje nye flyktningar i tråd med signal frå sentralt hald. Ytterlegare nedtrapping av integreringstenesta er under vurdering.

## Midsund skule

### Motto:

**Samhald, trivsel, læring.**

**Skulen vår skal vere ein god stad å vere og ein god stad å lære. Skulen skal vere ein skule der alle trivst, der alle bryr seg om kvarandre, og der alle tek ansvar slik at alle utviklar seg best mogeleg, både sosialt og fagleg**

### Mål og oppgåver:

- Eit opplevd kvalitetstilbod innan opplæring, oppvekst og kultur
- Legge til rette for at barn og unge har eit positivt sjølvbilete, lokal identitet og vilje til å ta ansvar
- Midsund kommune yter framtidretta tenester med ansvarlege og motiverte medarbeidarar

### Tal på elevar og tilsette ved skulen:

Elevtal ved Midsund skule:

2013	2014	2015	2016	2017	2018
157	174	168	159	160	153

Årsverk Midsund skule:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Sum tilsette:	25	25	25	25	26	25
Sum årsverk:	20,7	21,8	21,7	21,4	22,3	22

\*Auke årsverk til assistent/fagarbeidarar til oppfølging av enkeltelevar

### Økonomisk ramme Midsund skule:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Midsund skule	17 411 407	18 141 000	18 297 000	18 297 000	18 297 000	18 297 000

### Kommentarar :

- Lav lærartetthet. Gjennomsnittleg lærartetthet i ordinær undervisning:
  - **Midsund skule:**      **2014: 16,5**      **2015: 16,9**      **2016: 17,9**
  - **Møre og romsdal:**    **2014: 16,1**      **2015: 16,2**      **2016: 16,2**

- Lite ressursar timar til ordinær undervisning. Berre delingstimar i dei faga der dei fysiske areala gjer at elevgrupper må delast (mat og helse, kunst og handverk, basseng). Det er ikkje rom innanfor timerammene til kvar klasse til å løyse utfordringar ved fråvær.
- Vikarposten er lav. Behovet for vikarar er ikkje mindre enn tidlegare år.
- Prosentvis høg andel elevar med spesialundervisning også inneverande skuleår og neste skuleår. Det er ikkje teke høgde for eventuelle nye behov for spesialundervisning.
- Reduksjon i særskilt norskopplæring.
- Opplæringslova § 8-2 om inndeling av elevgrupper slår fast at; inndeling «må ikkje være større enn det som er pedagogisk og tryggleiks messig forsvarleg». I ein del fag må ein bruke delingstimar, t.d. kunst og handverk, mat og helse, symjing, valfag, 2. framandspråk, språkleg fordjuping og arbeidslivsfag. Ut over dette er det mange klassar som har behov for pedagogisk styrking, særleg i fag som norsk, matematikk og engelsk. Driftsnivået i budsjettet for neste skuleår er fortsatt på eit nivå som gjer at det er vanskeleg å legge til rette gode rammer for tilpassa opplæring i alle fag, og det vert utfordrande å drive fagleg forsvarleg innanfor budsjetttrammene.
- Post for undervisningsmateriell ikkje prisjustert.
- Det er ikkje rom for fornying eller nødvendige innkjøp av inventar og utstyr/ikt-utstyr. Skulen har gamle datamaskiner er utdaterte. Dette gjer det utfordrande å etterleve krava til bruk og opplæring av IKT i opplæringa, og med det etterleve dei krava som ligg i L06.

#### **Investeringar:**

- Storkjøkken/utleiestorkjøkken knytt til storsalen.
- Gjennomføre investering i nytt ventilasjonsanlegg.
- Ventilasjonsanlegg sløydsal.
- Fullføre oppgradering av uteområdet for ungdomstrinnet.
- Gjennomføre trafikkløysings planer aust (buss, bibliotek etc)
- Behov for oppgradering av inventar på spesialromma (sløydsal, naturfag, tekstil).
- Oppgradering/standardheving garderober og symjebasseng.

Stian Løken

Einingsleiar



## Raknes skule

**Visjon** - Trivsel, tryggleik og kunnskap

1. – 4. årsteg

Hovudoppgåver. Grunnskuleopplæring, tilpassa norskopplæring for elevar med innvandrar-/flyktningbakgrunn, leksehjelp og SFO-tilbod.

### Mål

- Godt arbeidsmiljø med fokus på fellesskap, trivsel og synleg leiing
- Fokus på tidleg innsats
- Eit godt arbeidsmiljø for å oppnå god kvalitet og gode resultat i undervisninga.
- Eit optimalt arbeidsmiljø med trivsel og engasjerte medarbeidarar.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal elevar	103	98	98	83	66	84	98	97
Enkeltvedtak	3	2	3	6	5	5	4	4
Framandspråk lærartimar	23	18	18	18	20	10	10	10
Årsverk lærarar inkl.admin	8.62	8.12	7.91	6,94	7,44	7,70	8,39	8
Årsverk assistent skule	1.16	2.23	1.92	2,63	2,21	2,88	3,19	3
Årsverk assistent SFO	0.42	0.67	0.67	0,67	0,52	0,74	1,1	0,81
Elevar med leksehjelp	17	18	18	25	23	23	22	22

### Økonomisk ramme Raknes skule:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Raknes skule og SFO	7 707 873	9 233 000	8 903 000	8 903 000	8 903 000	8 903 000

### Kommentar budsjett og økonomiplan:

- Budsjett 2018 bygger på driftsnivå haust 2017, med ei forventta lønnsstigning.  
Har ikkje justert for prisstigning grunna kraftige nedskjeringar på budsjettet.
- Redusert lærarressurs. Reduserer med 100 % stilling frå 1. januar 2018 ( 12 mnd. verknad)  
Grunna krav om innsparingar på budsjettet.  
Dette medfører at vi må slå saman 1A og 1B til ei klasse frå 1.01.2018.  
Dei blir då ein relativt stor klasse på 21 elevar.  
Vil dele klassen i 2 grupper i norsk og matematikk (8 til 10 delingstimar).

- Teke bort assistentressurs til enkeltelev i 1. klasse. I 2018 nyttar ein assistentressursen for klassen.
- Redusert vikarbudsjetten med kr. 45.000
- Redusert undervisningsmateriell med kr. 51.000
- Fleire elevar er under sakkyndig vurdering og vil føre til enkeltvedtak med behov for auka ressursar i 2018. Desse midlane ligg ikkje i budsjettet.
- Elev prognoser for Raknes skule.

Raknes skule har om lag same elevtal i 2018 som i 2017.

Vi har dei siste åra prioritert tidleg innsats.

Har hatt to grupper i både 1. og 2. klasse.

«Tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1-4 trinn»

Føremålet med denne ordninga er å sette kommunane i stand til å auke lærartettheita på 1.- 4. trinn

Tilskotet frå staten (øyremerka) kr. 594.000 for Raknes skule sin del i 2017.

Dette tilskotet er no frå 2018 lagt inn i ramma til kommunen.

På grunn av reduserte budsjetttrammer er vi no dessverre på veg attende til litt større klassar og mindre lærartettheit.

Det er ikkje eit godt signal til foreldregruppa å slå saman klassar midt i eit skuleår.

Rapporteringsplikt til Utdanningsdirektoratet kvart år.

Jonas Storvik

-einingsleiar-

## Midsund Barnehage

Midsund barnehage er ein barnehage med 3 avdelingar, med totalt 54 plassar.

### Mål:

Brukarperspektiv;

Barnehagen skal organiserast etter lov, rammeplan og gjeldande forskrifter. Årsplana til barnehagen trekkjer dei store linjene ned til lokale forhold.

Barnehageplass til alle som har rett til det.

Medarbeidarperspektiv;

Midsund Kommune yter framtidretta tenester med ansvarlege og motiverte medarbeidarar.

Eit optimalt arbeidsmiljø med trivsel og engasjerte medarbeidarar.

Økonomisk perspektiv;

Det å organisere drifta av barnehagen på best mogleg måte ut frå dei økonomiske rammene som kommunestyret har tildelt barnehagen.

	2016	2017	2018
Tal på tilsette:	13	15	12
Tal på årsverk:	10,8	11,7	10
Tal på avdelingar:	3	3	3
Tal på barn:	44	45	45

### Økonomisk ramme Midsund barnehage:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Midsund barnehage	6 139 771	6 171 000	5 894 000	5 894 000	5 894 000	5 894 000

### Utfordringar:

Nedgang i foreldrebetaling, grunna mykje utslag i søskenmoderasjon, inntektsgradert foreldrebetaling og gratis kjernetid på 20 timar pr. veke for 3,4 og 5 åringar.

Stadige kutt i ramma totalt er ei stor utfordring.

Anita Bugge

Einingsleiar

## Gjerdet barnehage

### MÅL

Brukarar:

Retten til barnehageplass skal bli innfridd.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Medarbeidarar:

Midsund kommune yter framtidretta tenester med ansvarlege og motiverte medarbeidarar. (Langtidsfrisk2009).

### Økonomi

Drifte barnehagen på best muleg måte ut frå dei økonomiske rammene kommunestyret har tildelt barnehagen i budsjett- og økonomiplanperioden.

	2015	2016	2017	2018
Tal på baser/avd.	5	5	5	5
Tal på plassar	90	90/102	102/96	96/90
Tal på barn	72/69	69/76	76/73	73
Tal på årsverk	16.6	16.6/18.6	18.6/17.6	17.6/16.6
Tal på tilsette	25/22	22/24	24	24/23
Årsverk spes.ped.	*1.08/0	1.2	1.4/1.85	1.85/0.74

\* I tillegg kjem 1.2 årsverk knytt til Regnbuen

### Økonomisk ramme Gjerdet barnehage:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Gjerdet barnehage	9 159 190	10 654 000	10 374 000	10 374 000	10 374 000	10 374 000

Endringar i driftsrammer for 2018 og i planperioden:

- 96 plassar ut barnehageåret 2017/2018. Nedgang i fødselstall fører til tilpasning til 90 plassar frå august 2018. Konsekvens: Oppseiing av 1 fast stillingshjemmel som assistent.
- Fleire spesialpedagogiske tiltak frå haust 2017, fører til auke inn i første del av 2018.
- Tiltak i Gjerdet barnehage knytt til prosjekt Regnbuen vert avslutta i august 2018. Reduksjon av 1.2 stillingshjemmel. Noko reduksjon vert gjort frå januar 2018.
- Inntektsauke: Auke i inntekter pga auke i maksprisen nasjonalt og fleire storbarnsplassar.
- Reduksjon av vikarbudsjett. Konsekvens: praktisering av regelverket, mindre skjønn, samt fleire dagar med samkøyring.

Birgitta Hole  
Einingsleiar

## Midsund kulturskule

Vi ønskjer å kunne gje eit kulturskuletilbod til alle i Midsund, som ønskjer det. Kulturskulen skal vidareutviklast til eit lokalt ”ressurscenter”, for kulturfag, gjennom opplæring, oppleving og formidling innan fagområda dans, kunst, musikk og teater og skapande skriving. Born og unge er prioritert. Vi har i dag ikkje tilbod i teater og skapande skriving.

Rektor har 100% stilling, dei andre tilsette har stillingsprosentar frå 7,1- 54 %. Til saman har vi 280 % stilling ved utgongen av 2017. I tillegg kjøper vi danseinstruktør frå Operaen i Kristiansund tilsvarande om lag 20 % stilling. Instruktørar til tidsavgrensa kurs leigast også inn utanfrå, men desse kursa fører normalt ikkje til store utgifter for kommunen.

Elevplassar totalt: 180 faste plassar, fordelt på dans, ulike instrument, kor, visuell kunst og produksjonsteknikk. Vi har også eit samarbeid med Midsund skule om «Korps i skulen», samt at vi leverer musikk lærarar til Midsund Montessoriskule i ein kortare periode. «Frem frå glemselen» og «Musikk ved starten av livet» er populære tilbod til dei eldste og dei yngste.

### Økonomisk ramme kulturskulen:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Midsund kulturskule	1 692 073	1 802 000	1 788 000	1 788 000	1 788 000	1 788 000

### Endringar i driftsramme for 2018 og utover i planperioden:

*Endringar i budsjettet frå 2017- 2018:*

Lågare budsjett ramme fører til at vi må redusere stillingsprosentar og tenestetilbodet. Det må prioriterast mellom heilårig tilbod i kunst, og aktivitet knytt til lærar som i år har noko utvida stilling. Dette kan gjelde kulturskulekoret eller inntak av songelevar. Kontingent må også aukast vesentleg. Ein individuell undervisningstime i kulturskulen (22.5 min) per veke kostar no kr. 2800. Ut frå budsjettssituasjonen bør denne aukast til kr. 3100,-. Normalt har auken vore på kr. 100,- per år.

*Ønsker for planperioden 2017- 2019:*

Ønskje om å oppfylle vedtatt rammeplan for kulturskulen:

- Etablere fast tilbod i drama prioriterast
- Auke stillingsprosent for opplæring i strykeinstrument frå 7- 20 %
- Etablere skulekorps
- Etablere fast tilbod i visuell kunst (vi har no kun tidsavgrensa kurs)

Det er budsjettert med ei vesentleg inntekt (kr 60- 80.000) i internsal frå kulturskulen til Midsund skule. Føresetnader for dette er at Midsund skule kan kjøpe desse tenestene. Skuleåret 2016/2017 har vi klassekorps i 5. klasse. Vi reknar med å kunne halde fram med dette.

- Nye lokaler vil føre med seg ein del auka utgifter til utstyr.

Åshild Melkeraen

Einingsleiar

## Helse- og omsorg

Tenestområdet omfattar: Administrasjon, Legekontor, Helsestasjon, Jordmor, Helsesøster, Fysioterapi, Psykisk helse, Midsund sjukeheim, Kjøkkenet, Heimebasert omsorg, Aktivitetstilbod Inn på TUNET, Støttekontakt/avlastning og Aktivitetssenter på omsorgssenteret.

**Hovudmål:** Midsund helse- og omsorg på veg mot toppen med framtidsretta, motiverte og ansvarlege tilsette, som har verdiane gjestfridom, innovasjon, fokus på berekraftig forvaltning og sørvisinnstilling. Dette for å kunne sikre brukarane god kvalitet i tenesta.

Mål og oppgåver:

- Oppretthalde god kvalitet på alle helse- og omsorgstenester
  - o Gje gode, forutsigbare og trygge tenester
- Sikre at brukarane får rett hjelp til rett tid.
  - o Gje tenester til dei som blir utskrivning frå sjukehus/behandlingsinstitusjonar og har behov for tenester enten ved korttidsopphald eller heime.
  - o Ø-hjelp døgnopphald inntil 72 timar
- Å kunne bu lengst mogleg heime.
  - o gje tilstrekkeleg med tenester heime, nødvendige hjelpemidlar, førebyggjande tiltak i heimane der det er mogleg.
  - o Vurdere behovet og effekt av omsorgsbustad.
- Arbeide vidare med omsorgsplan 2020 som også inneheld delplanar for :
  - o Rehabilitering og habilitering, handlingsplan for vald i nære relasjonar, demens,
  - Bruke kompetansemidlar frå Kompetanseløftet 2020.
  - o Formidle stipend frå Omsorgsløfte 2020 til tilsette som tek grunn- og/eller vidareutdanning, og velferdsteknologiens ABC
  - o Interne og eksterne kurs for å auke kompetanse
  - Oppfølging i forhold til sjukefråvær- målet er å halda sjukefråværet under 5%.

Statistikk på bemanning på helse og omsorg

	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på tilsette	126	135	136	132 (inkl. Butenesta)	85
Tal på årsverk	73,78	76,65	76,03	78,41 (inkl. Butenesta)	48,13

### Økonomiske rammer helse og omsorg (nettoramme):

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Helse- og omsorg adm og fellesutgifter	1 246 290	914 000	1 062 000	1 062 000	1 062 000	1 062 000
Helsetenester	8 623 290	8 425 000	8 403 000	8 403 000	8 403 000	8 403 000
Midsund sjukeheim	20 861 757	21 322 000	19 919 000	19 919 000	19 919 000	19 919 000
Heimetenesta	10 194 724	10 493 000	10 467 000	10 467 000	10 467 000	10 467 000
	40 926 061	41 154 000	39 851 000	39 851 000	39 851 000	39 851 000

### Kommentarar knytt til budsjett 2018

Etter første forslag til budsjett for 2018 fekk Helse og omsorg eit samla oppdrag om å redusere nettoutgiftene med kr 1,887 mill. For å gjennomføre denne reduksjonen blei det tatt ut 2 langtidsplasser på Midsund sjukeheim, skjerma avdeling. Dette vil gje ein reduksjon på 1 dagvakt, ekstraressursen på skjerma avdeling som blei satt inn i 2017, er tatt ut. Nytt innsparingskrav på kr.



0,363 mill. For å komme i mål med reduksjonane ble bl.a. andre vakta på somatisk avdeling redusert til 6,25 time. Samla for sjukeheimen vil dette gje innsparing på 3,49 st.

Heimebasert omsorg er redusert med 50% stilling (vakanse). Auka BPA (brukarstyrt personleg ansvar) som blir organisert av heimebasert omsorg, med samla auke gjennom 2017 og 2018 med 1,20 st., ei auke på 0,70 st.

Avdeling helse har redusert helsesekretær stillingane med til saman 0,45 st.

Fordelinga av utgiftene til einingsleiar mellom avdelingane er endra. Har redusert stilling på vederlag frå 0,20 st. til 0,10 st. og justert opp system- ansvarleg på fagsystemet profil frå 0,30 st. til 0,40 st. for å ivareta dei utfordringane som fagsystemet gje til alle tilsette som brukar fagsystemet og elektronisk meldingsutveksling. I tillegg har same person fått oppgåve knytt til velferdsteknologi.

### **Samla konklusjon**

Dette budsjettforslaget fører ikkje til at nokon vert oppsagt, då ein har vakanse. Alle som har hatt engasjement knytt til ekstraressurs på skjema avdeling har avtale t.o.m. 07.01.2018 – desse vert avslutta.

Alle kutt/reduksjonar er krevjande. Innan området Helse og omsorg er det stort sett lovpålagte tenester, med unntak av dagsenteret. Det gir lite eller ingen innsparing då det må aukast med personell i heimebasert omsorg.

Lovverket innan helse og omsorg gir ikkje klare reglar for kor stor og omfattande tenestene skal vere. Det som er sikkert er at kommunen er pliktig til å gje nødvendig helsehjelp til ein kvar tid, både til innbyggjarane og dei som oppheld seg i kommunen og at tenestene skal ha god fagleg kvalitet.

Utfordrande legevaktområde som dekkjer 3 øy-kommunar. Her er det diskusjon om kva legevaktsordning ein skal ha framover. Fortsette slik den er i dag eller bli med legevakta i Molde. Planlegg ut frå at legevaktsamarbeidet med Aukra og Sandøy fortsett i 2018.

Leif Arne Lagesen  
Einingsleiar

## Helse og omsorg administrasjon

Statistikk:	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Tal på tilsette	2	3	3	3	3	4
Tal på årsverk	1,25	1,25	1,26	1,26	1,26	1,20

### Økonomiske rammer helse og omsorgsadministrasjon:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Helse- og omsorg adm og fellesutgifter	1 246 290	914 000	1 062 000	1 062 000	1 062 000	1 062 000

Har tatt inn einingsleiarstillinga med 0,20 st. Redusert stilling knytt til vederlagsberekning frå 0,20 st. til 0,10 st. Då denne blei opprett så var den knytt til stort etterslep av vederlagsberekning som var blitt forsømt. Sidan den gang har en fått god kontroll på vederlag og ein har redusert langtidsplassar frå 28 i 2011 til 22 i 2018. Meiner å løyse vederlagsberekning i 2018 med 0,10 st.. Har auka systemansvarlig på Profil frå 0,30 st. til 0,40 st. for å sikre oppfølging av fagsystemet, IPLOS og elektronisk utveksling med helseføretaka. I tillegg har same person oppgåve knytt til velferdsteknologi.

## Helsetenesta

Kommunelegekontor, Fysioterapi, Psykisk Helse, Jordmor og Helsesøster

Statistikk:	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Tal på tilsette	12	11	12	12	13	12	12
Tal på årsverk	6,37	6,17	6,51	6,49	7,15	7,15	6,85

### Økonomiske rammer helsetenester:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Helsetenester	8 623 290	8 425 000	8 403 000	8 403 000	8 403 000	8 403 000

### Kommentarar

- Øyeblikkelig hjelp, døgnopphald: Har midlar tilsvarende 0.3 seng/år. Dei midlane skal brukast til å styrke personalressursen når nokon er inne. Frå 01.01.2017 gjeld det og rus- og psykisk helse.
- Helsestasjonsteneste: Har 1,50 stilling, jfr. rammetilskotet/styrkingstiltak for styrking av skole helsetenesta. 0,50 st er direkte knytt til skulane.
- Jordmorteneste: Ingen endringar.
- Kommunelegekantoret: Har redusert helsesekretærstillingar med 0,40 st.
- Psykisk helse: Ingen endringa. Her er ligg det i ramme ei styrke på psykisk helse og Rus utan at det er sagt kor mykje det vil gje til kommunen. Men dette felte trenger å bli styrka. Auka i talet pasientar innanfor psykisk helse. Opprettheld 0,20 st. til Møteplassen. Reknar med vidareføring av midlar frå Fylkesmannen også i 2018. Kombinerer desse midlane med tilskot frå NAV. Det meste vil vere knytt til arbeid rundt små-jobb sentral.
- •Fysioterapi: Har oppretthalde 0,30 kommunal stilling.

### Planlagte investeringar:

- Har ønske om investering av nye møblar til venterom og personalrom på helsesentret, Kommuneoverlegekontoret har behov for ny behandlingsbenk.

## Midsund sjukeheim

Sjukeheimen har etter reduksjon på 2 langtids plassar, til saman 24 plassar til langtidsopphald og 2 plassar korttidsopphald og institusjonskjøkken.

### Statistikk

Brukarar:	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på sjukeheimsplassar	28	26	26	26	26	24	22
Tall på korttids plassar	2	2	2	2	2	2	2
Bemanning:							
Tal på tilsette	50	49	49	49	50	44	44
Tal på årsverk	30,88	29,59	29,65	29,66	29,66	30,49	27,00

### Økonomiske rammer Midsund sjukeheim:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Midsund sjukeheim	20 861 757	21 322 000	19 919 000	19 919 000	19 919 000	19 919 000

### Kommentarar om avdelingane og bemanninga:

Har ø-hjelp døgnopphald som blei starta i 2016. Fortsatt berekna 0,30 seng. Her skal det også bli gitt same teneste til dei med rus- og psykiske problem.

Har reduksjon på 2 langtids plassar på skjerma avdeling og tatt ut den auka bemanning på skjerma eining med kveldsvakt og dag/kveld på helg. I tillegg har ein redusert vaktlengder på dag og kveld som samla gje ei innsparing på 3,49 st.

Kjøkkenet har gjennom 2017 auka si inntekt vesentleg. I budsjett 2018 har en justert inn dette.

Budsjett 2018 er bygd på dette:

**Solstua:** Skjerma avdeling for 8 personar med demens. 2 dagvakt og 2 på kveldsvakt heile veka.

**Havstua:** Somatisk avdeling med 8 personar. 2 av desse plassane er korttidsopphald der det skal gjevast habilitering/rehabilitering.

Bemanninga er 2 på dagvakt i vekedagar, 2 dagvakter på helg/høgtid og 2 på kveldsvakt heile veka.

**Fjellstua:** Somatisk avdeling med 8 personar.

Bemanninga er 2 på dagvakt og 2 på kveldsvakt heile veka.

**Natt:** Her er det 3 aktive nattevakter heile året.

Nattevaktene har ansvaret for 3 avdelingar på sjukeheimen, omsorgsbustadane (300 og 500 serien) samt alle som har tryggleiksalarmar (30 – 40 personar).

**Kjøkkenet:** Produserer mat til institusjonen og sel mat til personar som bur i omsorgsbustad eller i eigen bustad. Ei svært nødvendig teneste for mange personar. Har 3 dagvakter på vekedagar og 1 dagvakt på helg. Har ikkje noko endringar ved Midsund kjøkken.

## Heimebasert omsorg

### Statistikk

Brukarar:	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på tenestemottakarar	77	82	87	85	85	84	95
Heimehjelp	40	42	46	44	44	40	40
Dag-aktivitet for heimebuande med demens	3	3	4	4	5	8	8
Transportstøtte (transport til eldre og uføre*)	59	60	60	60	60	58	50
Tryggleiksalarm	27	34	41	38	38	40	45
Aktivitetssenter	20	20	20	20	20	20	20
Multidoser	30	32	34	32	32	34	34

Bemanning:	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på tilsette	22	19	18	18	18	23	22
Tal på årsverk	13,77	11,47	12,01	12,02	12,12	12,38	13,08

\*Transportstøtte – tal på brukarar, sjå kommentarar side 40 om brutto driftsutgifter per tenestemottakar

\* Tall 2014 og 2015 er personar frå prosjekt 12 tatt med 1,04 st.

### Økonomiske rammer heimebasert omsorg:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Heimetenesta	10 194 724	10 493 000	10 467 000	10 467 000	10 467 000	10 467 000

**Heimebasert omsorg:** Dag plass for heimebuande personar med demens oppretthalde. Denne tenesta blir gjennomført i samarbeid med Akslahaugen/Inn på tunet. For 2018 fortsette med 5 plassar 5 dagar i veka. Vil vere steng 4 veker på sommaren. Det er eit aukande behov for denne tenestene, men budsjettet for 2018 gir ikkje rom for vidare auke av plassar.

Opprettheld den auka fagfunksjon med 0,20 st. som har fokus på vedtaksskriving. Denne er særskilt viktig for å oppretthalde tenestemottakar sine rettigheter og ikkje minst å ha oversikt og gjeldande vedtak til ein kvar tid.

Har demenskoordinator 0,20 st. med 1 dag i veka til å organisere og følgje heimebuande personar med demens. Oppfølginga omfattar og kartlegging av behov, tilrettelegging for tenester og kommunikasjon med dei som gir tenestene.

Har hjelpemiddelansvarleg i 0,20 st. 1 fast dag i veka. Ser at det her er større behov for hjelpemidla i heimen. Det skuldast bl.a. at ein kjem tidlegare heim frå behandling i helseføretaka, samt at ein både ønskjer og må vera heime lengre. Auka kostnad til vaktmeistertenestene (henting og installasjon av hjelpemidlar)

**Aktivitetssenteret:** Ingen endring. Opprettheld dei 2 dagar pr. veka.

**Avlastning/Støttekontakt:** Har justert ned nokre beløp i budsjettet utan at det gje konsekvensar for desse tilboda. Dette er gode og lite kostnadskrevjande tenester.

## Butenesta

Statistikk Brukarar

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal på tenestemottakarar	7	9	10	11	11	11	11
<b>Bemanning:</b>							
Tal på tilsette	34	33	44	51	52	49	40
Tal på årsverk	19,78	18,98	25,68	27,22	25,84	27,39	25,09

### Økonomiske rammer butenesta:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Butenesta	12 324 074	12 369 000	16 000 000	16 000 000	16 000 000	16 000 000

**Avlastning:** Vi har 2 barn på avlastning, og koordinerer IP for det eine barnet.

**Støttekontakt:** Vi har 4 personar med vedtak om støttekontakt.

### Myratun:

Butenesta brukar mykje ressursar på helse- og omsorgstenestelova kap. 9. Vi har hatt avvik på manglande kompetanse og drifrar no tenestene med dispensasjonar frå utdanningskravet. Å drifte tenestene med dispensasjonar frå utdanningskravet krev årleg kursing, oppfølging og veiledning av ukvalifiserte tilsette. Dette løyser vi internt og det krev ressursar både i fri kjøping av vakter og auke i administrasjon. Vi har som mål å innfri deler av utdanningskravet frå juli 2018, da 2 av våre fagarbeidarar blir ferdig utdanna vernepleiarar, samt en 100% assistent går ut i pensjon frå august 2018 og stillinga blir omgjort. Dette fører til en auke lønnsutgiftene.

Administrasjon:

1 stilling Einingsleiar

0,20 stilling Fagleder

Endring i driftsramme:

- Redusert 37,5 % stilling i direkte teneste til brukar
- Avvikla bukolektiv Molde oktober 2017, etablert ny bebuar utan auke av ressursar på Myratun

Tilskott til særleg ressurskrevjande tenester: Har satt opp eige skjema for å berekne kostnaden for 2018 og refusjon rekna til 9 200 000

### Aktivitetssenteret i Rakvågen:

Vi drifter aktivitetssenteret med bemanning vi har pr. bruker.

Martha Midtbø

Einingsleiar

## NAV Midsund

### Mål og oppgaver:

- NAV Midsund skal levere tenester av høg kvalitet til innbyggjarane i Midsund kommune, med høg grad av brukarmedverknad
- NAV Midsund skal ha kompetente medarbeidarar og eit godt arbeidsmiljø der den enkelte får bruke sine ressursar og oppleve mestring i kvardagen.
- NAV Midsund skal til ei kvar tid ha kontroll og oversikt over økonomi.

### Bemanning:

3,2 årsverk, herav 1 kommunalt, 4 tilsette

### Økonomiske rammer NAV – sosiale tenester:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
NAV, sosialtenesta	1 699 447	1 954 000	1 955 000	1 955 000	1 955 000	1 955 000

Driftsnivå 2018 er redusert etter oppdrag frå rådmann.

Ann Elin Høgset  
Einingsleiar

## Barnevern

### Økonomiske rammer Barnevern:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Barnevern	3 899 763	3 200 000	4 900 000	4 900 000	4 900 000	4 900 000

Midsund kommune kjøper tenester av Molde kommune. Ny avtale vart utforma hausten 2015. Auke kjem som konsekvens av nye tiltak.

Ketil Ugelvik  
Einingsleiar



## Teknisk

Til teknisk ligg administrasjon, reguleringsplanar på land og sjø, konsesjon for fiskeoppdrett, byggjesaksbehandling, kart og deling, bustadføremål, kommunalt vedlikehald, vassverk, avløp, nokon av kaiene, renovasjon, slambehandling, brann –og feiing, oljevern, kommunale vegar og veglys, landbruk, skogbruk, viltforvaltning og interkommunale planar innafør områda.

### Mål og oppgåver

- god service og informasjon internt og eksternt
- utføre nødvendig prioritert vedlikehald på bygg og anlegg
- interkommunalt samarbeid der det er formålstenleg
- betre kommunikasjonar
- vere ein aktiv tilretteleggar og medspelar for næringslivet
- vere bevist på miljøvern
- sikre ei berekraftig landbruks -og viltforvaltning

BEMANNING	2016	2017	2018
Tal på tilsette	39	39	39
Tal på årsverk	15,9	15,9	15,9
I tillegg kjem vakter			

### Økonomiske rammer teknisk:

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Teknisk adm og fellesutgifter	1 099 348	1 479 000	1 002 000	1 002 000	1 002 000	1 002 000
Eigedomsforvaltning	11 452 991	11 288 000	11 911 000	11 911 000	11 911 000	11 911 000
Kommunale utleigebustader	-842 455	-1 210 000	-1 177 000	-1 177 000	-1 177 000	-1 177 000
Oppmåling, byggesak og planarbeid	64 453	260 000	-	-	-	-
Brann- og oljevern	2 708 917	2 621 000	2 708 000	2 708 000	2 708 000	2 708 000
Kommunale vegar, samferdsel	2 825 402	1 997 000	2 358 000	2 358 000	2 358 000	2 358 000
Landbruk og viltforvaltning	318 331	346 000	187 000	187 000	187 000	187 000
	17 626 987	16 781 000	16 989 000	16 989 000	16 989 000	16 989 000

### Endringar i driftsramme for 2018 og i planperioden – dei viktigaste og største.

#### Generelt

Driftsramma til teknisk har auka frå 2017 til 2018 med ca. kr. 208.000,-.  
 Avskrivingskostnadane har auka med kr.660.000,-  
 Den reelle nedgangen blir då kr. 452.000,-

#### Teknisk adm. og vedlikehald

- redusert budsjett med kr. 477.000,-
- Avskrivningar auka med kr. 11.000,-
- Prosjekt skal dekkje kr. 200.000,- av lønn.

#### Eigedomsforvaltning

- Auka budsjettet med kr. 513.000,-
- Avskrivningar auka med kr. 415.000,-

### **Kommunale utleigebustader**

- Minka budsjettet med kr. 121.000,-
- Avskrivningar auka med kr. 7.000,-

### **Oppmåling, byggesak og planarbeid**

Har sett dette hovudansvaret 0,- Blir dekt opp av auka gebyrinntekter

### **Brann- og oljevern**

- Auka budsjettet med kr. 109.000,-
- Avskrivning har auka med kr. 261.000,-
- Reell nedgang 152.000,-
- Slit med å halde budsjettet.
- Opplæring det same som 2017. Blei oppjustert med kr. 80.000,- i 2017. Greier likevel ikkje å halde tritt med krava.

Dette hovudansvaret har gått med underskot dei tidlegare åra.

Korleis skal Midsund brann og redning takle krava til opplæring for å ta vare på pålagt HMS ?

### **Kommunale vegar, samferdsel**

- Auka budsjettet med 361.000,-
- Avskrivning auka med 198.000,-
- Prøvd å auke dette hovudansvaret meir i samsvar med rekneskap.
- Slit med å halde budsjettet.

### **Landbruk og viltforvaltning**

- Blir ikkje vidareført med dagen 40% stilling etter februar- tilsett går av med pensjon.
- Budsjettet med innleige frå Molde kommune frå mars (ca 10%).

### **Konklusjon.**

Teknisk har fått sine ramme for perioden. Har prøvd å budsjettere ut frå denne ramma.

Som vanleg er det eit stramt budsjett som krev at alt går på skinner utan forutsette hendingar. Konsekvensen av budsjettet blir at Teknisk blir mykje meir kritisk til kva som skal utførast, spesielt ting som ikkje er direkte underlagt eininga, samt der ein kan redusere kostnadane. Størst problem er det innan brann og kommunale vegar.

Inge Rakvåg  
Teknisk sjef

## VAR – vatn, avløp, renovasjon, slamtømming og feiing

### Mål og oppgaver:

- Sikre forsvarleg, tilstrekkeleg og god kvalitet på vatn, avløp, slam og renovasjon, og feiing for innbygarane i kommunen.

### Økonomiske rammer VAR :

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Ansvar: Kommunalt vassverk						
Utgifter	2 218 772	2 462 000	2 402 793	2 402 793	2 402 793	2 402 793
Inntekter	-2 218 772	-2 462 000	-2 402 793	-2 402 793	-2 402 793	-2 402 793
Sum Kommunalt vassverk	-	-	-	-	-	-
Ansvar: Kommunale avløp						
Utgifter	1 841 191	1 448 000	1 147 286	1 147 286	1 147 286	1 147 286
Inntekter	-1 841 192	-1 448 000	-1 147 286	-1 147 286	-1 147 286	-1 147 286
Sum Kommunale avløp	-1	-	-	-	-	-
Ansvar: Interkomm. renovasjonsordning						
Utgifter	3 011 084	2 283 000	2 445 884	2 445 884	2 445 884	2 445 884
Inntekter	-3 027 041	-2 283 000	-2 445 884	-2 445 884	-2 445 884	-2 445 884
Sum Interkomm. renovasjonsordning	-15 957	-	-	-	-	-
Ansvar: Privat slamtømming						
Utgifter	571 070	566 000	396 793	396 793	396 793	396 793
Inntekter	-571 070	-566 000	-396 793	-396 793	-396 793	-396 793
Sum Privat slamtømming	-	-	-	-	-	-
Ansvar: Feiarvesen						
Utgifter	367 658	360 000	361 061	361 061	361 061	361 061
Inntekter	-367 658	-360 000	-361 061	-361 061	-361 061	-361 061
Sum Feiarvesen	-	-	-	-	-	-
Sum total VAR	-15 959	-	-	-	-	-

### Endringar i driftsramme for 2018 og i planperioden

#### Vatn:

- Det er store investeringar i perioden .
- Ordne opp på områder der ein rehabiliterer eller legg avløpsledningane. Nokre flyttingar av ledningar må ein pårekne ved husbygging.
- Vedlikehald av gamle kummar er også ei prioritert oppgåve som kjem til å gå føre seg i fleire år framover.
- Sjølvkostfondet er oppbrukt pr. 31.12.19.
- Fondet er pr. 31.12.16 på kr.1.425.380,-.
- Gebyret som gebyrvedtaket.

**Avløp:**

- Innfor avløp har Midsund kommune kostnadar med å rydde opp i strandsona der det ikkje er slamavskillar.
- Investeringsstempoet avgjer kor stort gebyret skal bli sidan dette er sjølvkost.
- Innimellom kjem det kostnadar for å opparbeide nye utbyggingsområde.
- Sjølvkostfondet er oppbrukt pr. 31.12.19.
- Fondet er pr. 31.12.15 på kr. 1.137.324.-
- Gebyret som gebyrvedtaket.

**Renovasjon:**

- Ei auke i 2018.
- Gebyret som gebyrvedtaket.

**Slamtømming:**

- Sjølvkostfondet er oppbrukt pr. 31.12.19.
- Fondet er pr. 31.12.15 på kr. 528.323,-.
- Gebyret som gebyrvedtaket.

**Feiing:**

- Gebyret som gebyrvedtaket.